

Møteinnkalling

Utval:	Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland
Møtestad:	Sunnhordland, 4. etg., Fylkeshuset
Dato:	05.06.2018
Tid:	12:30

Det vert oppmoda om at avklaring vert meldt i forkant av møte.

Orienteringar

- Tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018-2021, Miljøløftet v/ Statens vegvesen, Trond Hollekim
- Kurstilbodet «Bilfører 65+» v/ Statens vegvesen, Torbjørn Brosvik
- Status for Trafikksikker kommune og #Er du Sikker, v/ Trygg Trafikk
- Status for trafikkulykker i Hordaland v/ Statens vegvesen

Program

Kl. 12:30 – 15:45 Saksbehandling - starter etter orienteringane

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Jon Askeland
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhold	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 23/18	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 24/18	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 25/18	Referatsaker		
RS 6/18	Trafikksikringskonferansen 2018	2014/13889	
RS 7/18	Oppfølging av invitasjon frå NMCU	2014/13889	
PS 26/18	Ymse		
PS 27/18	Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar 2018	2014/13696	
PS 28/18	Søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - 1. mai 2018	2015/5869	

PS 23/18 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 24/18 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 25/18 Referatsaker

NotatDato: 22.05.2018
Arkivsak: 2014/13889-108
Saksbehandlar: evavinj

Til: Trafikksikringsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Trafikksikringskonferansen 2018

Trafikksikringskonferansen vil finne stad onsdag 14.november på Scandic Ørnen. Kommunar og andre relevante organisasjonar vil bli invitert.

Under kjem forslag til program for dagen, med atterhald om at det kan kome endringar. Dei rådgjevande medlemene til fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) har i møte diskutert tema og innhald i konferansen, på møtet var representantar frå samferdselsavdelinga og opplæringsavdelinga i HFK, Ungdommens fylkesutval (UFU) og Statens Vegvesen. FTU utfordra UFU til å kome med forslag til tema og innhald for konferansen. UFU hadde diskutert saken med medlemene som jobbar med samferdselssaker.

Vi vil sende ut invitasjon og oppfordring til å nominere kandidatar til trafikksikringsprisen tidleg i juni.

Førebels program

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018 - 2021 vil vere sentral på konferansen, då gjennom å belyse kva denne planen har å seie for kommunane. Overordna vil dette vere tema, men med ulike vinklingar.

Som tidligare år er det også i år tenkt at Trafikksikringsprisen blir delt ut på konferansen.

Vi ser føre oss opning der ein seier noko om den nasjonale tiltaksplanen og korleis vi kan jobbe vidare med denne på lokalt nivå. Aktuelle innleiarar kan vere frå Statens vegvesen, vegdirektoratet og frå andre fylkeskommunar.

Vi har invitert ordførar i Eid, Alfred Bjørlo, til å snakke om korleis dei jobbar med sykkel, han har takka ja til invitasjonen. Bjørlo heldt eit tilsvarande innlegg på den nasjonale trafikksikringskonferansen som Trygg Trafikk arrangerte tidlegare i år.

Vidare vil vi invitere nokon frå Trygg Trafikk til å snakke om *Hjertesone* og korleis ein får elevar ved skulane til å sykle og gå meir.

I nasjonal tiltaksplan er det satt konkrete mål om at fleire kommunar skal bli *Trafikksikker kommune*. Ordninga *Trafikksikker kommune* vil difor få ein naturleg plass i programmet. Då vil det vere fokus på tiltaksplan i kommunane og korleis involvere dei ulike etatane i kommunen i trafikksikringsarbeidet.

Vi ønskjer å invitere Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU) Nordhordland til å snakke om deira lokale initiativ og korleis dei jobbar med kommunane, og kva dei ønskjer av kommunane framover.

Det kommunale trafikksikringsutvalet i Os er også positive til å snakke om deira arbeid.



Notat

Dato: 24.05.2018
Arkivsak: 2014/13889-109
Saksbehandlar: gunradd

Til: Fylkestrafikksikkringsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging av invitasjon frå Norges MotorCykkel Union (NMCU)

Bakgrunn

Den 17. april informerte Eivind Døvik frå NMCU Hordaland om interesseorganisasjonen sine mål og interesseområder. NMCU er ein landsdekkande partipolitisk nøytral organisasjon med omlag 1200 medlemmer. Målet er å fremme og ivareta motorsyklistanes interesser, og trafikktryggleik er eit viktig fokusområde. NMCU er ein viktig høyringsinstans for offentlege instansar i saker som omhandlar tilhøva for motorsyklistar. Eivind Bøvik avslutta sitt innlegg med å invitere fylkeskommunen til samarbeid i arbeidet med å sikre tilhøva for motorsyklistane i Hordaland.

Oppfølging

Samferdselsavdelinga ser det som viktig å arbeide med trafikktrygging for alle trafikantgrupper, og vi vil gjerne samhandle nærare med NMCU. Samferdselsavdelinga har utpeikt eit kontaktpunkt som vil vere i dialog med NMCU og mellom anna delta på møter i MC Forum og ta imot innspel og synspunkt i saker der fylkeskommunen har ein funksjon. Kontaktpersonen på samferdselsavdelinga og NMCU vil møtes før sommaren for å avklare roller og vidare samarbeid.

PS 26/18 Ymse



Arkivnr: 2014/13696-58

Saksbehandlar: Even Vaular

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	27/18	05.06.2018

Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar 2018

Samandrag

Det er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak. I budsjettet for 2018 er det sett av 330.000 kroner til denne tilskotsordninga.

Til fristen 1. mai 2018 kom det inn tre søknadar, med ein samla søknadssum på 605.000 kr.

Økonomi: Tilskotsmidlane er henta frå budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet.

Klima: Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar vil ha ingen eller liten verknad på klimaet. Trafikksikringsplanar *kan* vera verktøy for å auka delen av gåande og syklende, og slik redusera forureinande biltrafikk.

Folkehelse: Sjå «Klima» ovanfor. Fleire gåande og syklende er bra for folkehelsa, det same er tryggleik.

Regional planstrategi: Satsing på trafiktryggleik er viktig for å utvikla attraktive nærmiljø og regionsenter i fylket, og for å styrka konkurransekrafta til gange og sykling som klimavenlege transportformer.

Forslag til vedtak

1. Askøy kommune får tildelt tilskot på kr. 130.000 til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
2. Ulvik herad får tildelt tilskot på kr. 200.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Trafikksikringsplan 2018-2025 Ulvik herad. Oppstart og finansiering. VEDTAK
- 2 Søknad på tilskot til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan - Ulvik herad
- 3 Odda kommune - søknad om tilskot til TS-plan
- 4 Askøy kommune - søknad om tilskot til TS-plan
- 5 Askøy kommune - innhenting av uttaler til TS-plan

Fylkesrådmannen, 22.05.2018**Bakgrunn**

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) delar kvart år ut midlar til utarbeiding av trafikksikringsplanar i kommunane. I FTU sitt budsjett for 2018¹ vart det sett av 330.000 kr til tilskotsordninga. Kommunale trafikksikringsplanar er viktige når fylkeskommunen skal prioritera trafikksikringstiltak, både gjennom ordinære budsjett og tilskotsordningar.

Tilskotet kan gå til kjøp av konsulenttenester og trykking. Tilskotet kan ikkje gå til bruk av administrative kostnader og driftsutgifter. Fylkeskommunen er høyringspart for planen, og endeleg plan skal sendast til Hordaland fylkeskommune.

Om søknadane

Til søknadsfristen 1. mai kom det inn tre søknadar om tilskot. Søkjarane er Askøy kommune, Odda kommune og Ulvik herad.

Askøy kommune har starta prosessen med å rullera gjeldande trafikksikringsplan, som går ut i 2018. Dei er i en fase der dei hentar inn innspel frå ulike grupper i kommunen. Kommunen søker om støtte til bruk av konsulent, som skal systematisera innspel og bidra til å sikra framdrift i planprosjektet. Målet er politisk handsaming i kommunestyret i løpet av 2018. *Søknadssum: 175.000 kr*

Odda kommune sin siste trafikksikringsplan vart vedtatt i november 2009 og er for perioden 2010-2014. Dei søker no om støtte til ferdigstilling av ein skiltplan for Odda sentrum, då skiltplanverket ikkje er oppdatert, noko som gjer det vanskeleg å handheva og følgja opp ulovleg parkering og køyring. Kommunen er i ferd med å oppretta eit parkeringsselskap for Odda og omland som skal setja i verk skiltplanen når den er klar. Kommunen meiner skiltplanen vil verta «*eit viktig verktøy for å realisera ein god trafikksikringsplan*». Dei reknar med det vil gå om lag 150.000 kr med til bruk av konsulent i planarbeidet. *Kommunen søker om tilsvarende sum.*

Ulvik herad har i formannskapet 14. mars 2018 gjort vedtak om å starta opp arbeidet med kommunedelplan for trafikksikring, inkludert skiltplan. Dei har henta inn tilbod og skriv i sin søknad at planprosjektet er rekna til 300.000 kr, kor kostnader for bruk av konsulentonorar utgjer 280.000 kr. *Kommunen søker om tilskot (uspesifisert sum) til dekking av konsulentkostnader.*

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Askøy kommune verkar å vera godt i gang med si rulling av gjeldande trafikksikringsplan. Dei legg vekt på brei medverknad frå innbyggjarar og sentrale aktørar og grupper i kommunen. *Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 130.000 kr.*

I gjeldande kommunal planstrategi for Odda kommune (2016-2019) er revisjon av trafikksikringsplanen sett til 2017-2018. Odda kommune søkte i 2016 om 400.000 kr i tilskot frå FTU-ordninga til revisjon av trafikksikringsplanen, og vart tildelt 175.000 kr i møte 27. april (politisk sak 16/2016). Revidert trafikksikringsplan er ikkje ferdigstilt, og det er usikkert kva som er status for arbeidet. Kommunen søker her

¹ Budsjettet vart vedtatt i FTU-møtet 20. februar i politisk sak 5/2018.

om tilskot til ein skiltplan. Tilskotsordninga er retta mot utarbeiding av trafikksekringsplanar, og søknaden er såleis ikkje i tråd med føremålet til ordninga. Ein godkjent skiltplan for Odda sentrum vil innebera at ein kan handheva trafikk og parkering betre enn i dag, noko som vil vera positivt for trafikktryggleiken i området. Likevel er ein skiltplan noko heilt anna enn ein plan som ser på heilskapen i det kommunale trafikksekringsarbeidet – frå fysiske til organisatoriske og haldningsskapande tiltak på tvers av den kommunale verksemda. Når det i tillegg allereie er utbetalt eit fylkeskommunalt tilskot til revisjon av trafikksekringsplanen, vil fylkesrådmannen rå til at Odda kommune *ikkje vert tildelt midlar til utarbeiding av skiltplan*.

I Ulvik herad er føresetnadane gode for at utarbeidinga av ny trafikksekringsplan med skiltplan vert gjennomført. Arbeidet er forankra politisk, konsulent er vald etter konkurranseutsetting og planprosessen er sikra finansiering. Det er nedsett ei politisk-administrativ prosjektgruppe som samarbeidar med konsulent. *Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 200.000 kr.*

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utvalssak
Formannskap	14.03.2018	011/18

Sakshandsamar Cemovic, Milos	Arkiv: K2 - Q80	Arkivsaknr 18/40 - 1
---------------------------------	--------------------	-------------------------

Trafikksikringsplan 2018-2025 Ulvik herad. Oppstart og finansiering.

Sakstilfang:

- 02.03.2018 Trafikksikringsplan Ulvik herad; Protokoll frå tilbodsopning
- 02.03.2018 Tilbod utarbeiding Trafikksikringsplan 2018-2025
- 02.03.2018 Tilbod utarbeiding Trafikksikringsplan 2018-2025
- 22.02.2018 SV: Spørsmål angående tilbud TS-plan 22.02.2018
- 22.02.2018 Spørsmål angående tilbud TS-plan 22.02.2018
- 16.02.2018 Trafikksikringsplan med skiltplan; Konkurransedokument

Saksutgreiing:

Ulvik herad sin gjeldande Trafikksikringsplan er frå 2003, for perioden 2003-2012. Jmf. Kommunal planstrategi vart trafikksikringsplanen prioritert for revisjon i 2017. Fortau Tyssevikvegen vart ikkje ferdigstilt i 2017, og revisjon av planen vart difor utsett til 2018. Skiltplan vert nytt tema i den reviderte planen.

Ulvik herad ynskjer no å starte arbeidet med å utarbeide kommunedelplan for trafikksikring og skiltplan – *Trafikksikringsplan 2018-2025 Ulvik herad*.

Vurdering:

Føremålet med trafikksikringsplanen er å leggja grunnlag for målretta og systematisk trafikksikringsarbeid på lokalplanet. Den førre trafikksikringsplanen gjaldt for perioden 2003-2012. Ein oppdatert trafikksikringsplan er naudsynt for prioritering av nye tiltak på det kommunale vegnettet, men også for søknad og påtrykk overfor fylkeskommunen for tiltak på det fylkeskommunale vegnettet.

Planen trengst som økonomisk og forvaltningsmessig verktøy og oversikt for kommunale vegar. I tillegg må planen skildre behovet og moglege løysingar for heradet elles. Ein må ha eit best mogleg oppdatert grunnlag for å kunna fatte velgrunna prioriteringar innan vedlikehald/investering i kommunale vegar.

Den nye planen vil gjelde for 8 år, for perioden 2018-2025.

Arbeidet med planen vil måtte ta opp i seg mange spørsmålsstillingar, og bør difor utarbeidast på ein grundig måte. Planen må vera godt forankra i samfunnet, og skal vere eit høveleg verktøy for alle med forvaltningsansvar innan området.

Ein tenkjer seg difor ei arbeidsgruppe samansett slik:

- 1-2 frå formannskapet
- Representant for born og unge
- Seniorrådet
- Kommunalt råd for funksjonshemma
- Statens vegvesen
- Plan
- Teknisk drift
- Konsulent
- Prosjektleiar

Administrasjonen har bedt om tilbud på utarbeiding av Trafikksikringsplan frå 4 selskap; Asplan Viak, Cowi, Sweco og Norconsult.

Det er levert totalt to tilbud; frå Asplan Viak AS og Norconsult AS, og som vert vurdert slik:

	Tilbyder	Asplan Viak	Norconsult
1	Kvalifikasjonskrav		
1.1	Skatteattest	ja	ja
1.2	MVA-attest	ja	ja
1.3	HMS – eigenerklæring	ja	ja
1.4	Tekniske og faglege kvalifikasjonar	ja	ja
	Kvalifisert	JA	JA
2	Tildelingskriteria		
2.1	Totalpris	kr 256 100,00	kr 496 000,00
2.1.1	Tal timar	241	475
2.2	Kompetanse av oppdragsleiar	Christian Frønsdal	Ingvild Hernes Lunde
2.2.1	- erfaring siste 5 år (tal TS-planar)	1	3
2.2.2	- erfaring siste 5 år (tal andre planar som oppdragsleiar)	6	12
2.2.3	- 50% av 2.2.1 + 50% av 2.2.2	3,5	7,5
2.3	Tilleggspris per møte	kr 8 000,00	kr 10 200,00
3	Vurdering		
	<i>*Formula som brukes $P=10 \times \text{egen} / \text{maks}$</i>		
	<i>**Formula som brukes $P=10 - 10 \times (\text{egen} - \text{min}) / \text{min}$</i>		
3.1	Totalpris**	10,00	1,29
3.2	Kompetanse av oppdragsleiar (2.2.3)*	4,67	10,00
3.3	Tilleggspris per møte **	10,00	7,25

3.4	Totalpris (60%)	6,00	0,77
3.5	Kompetanse (30%)	1,40	3,00
3.6	Tilleggspris per møte (10%)	1,00	0,73
	TOTALT	8,40	4,50

Jmf. tilboda på utarbeiding av Trafikksikringsplan m/skiltplan, levert den 02.03.2018 er konsulentonorar estimert til kr 280.000,-. I tillegg vert administrative kostnader vurdert til kr. 20.000,-, som gir totalkostnad på kr. 300.000,-.

Hordaland fylkeskommune som høyringspart for planen tilbyr muligheit til alle kommunar i Hordaland å søkje om tilskot til å utarbeide trafikksikringsplan. Tilskot kan bli gitt for å kjøpe t.d. konsulenttenester og trykking.

Ein erfaringssum som kan forventast frå Hordaland fylkeskommune, er kr.50.000 -75.000,-. I så tilfelle må heradet dekke resten av kostnaden på kr 250.000 med eigeninnsats. Frist for å søkje om tilskot til å utarbeide trafikksikringsplan er 1. april.

Rådmannen sitt framlegg:

1. I medhald av plan- og bygningslova § 11-1 vedtek formannskapet som fast utval for plansaker, oppstart med å utarbeide kommunedelplan: Trafikksikringsplan 2018-2025 Ulvik herad med skiltplan.
2. Formannskapet godkjenner totalkostnad på utarbeiding av planen med inntil kr 300 000. Arbeidet finansierast over disposisjonsfondet.
3. Administrasjonen får fullmakt til å leige inn Asplan Viak AS v/ Christian Frønsdal til å utføre planarbeid for trafikksikringsplan med skiltplan, jfr tilbod av 02.03.2018.
4. Arbeidet skal samordnast gjennom ei prosjektgruppe slik:
 - Formannskapet v/ ordførar
 - Formannskapet v/ varaordførar
 - Representant for born og unge
 - Seniorrådet
 - Kommunalt råd for funksjonshemma
 - Statens vegvesen
 - Plan- og byggesak v/ Torstein Ljone
 - Teknisk drift v/ Bjørn Bergo
 - Asplan Viak AS v/ Christian Frønsdal
 - Prosjektleder Milos Cemovic
5. Formannskapet som fast utval for plansaker vert orientert om prosess og framdrift undervegs i arbeidet.

14.03.2018 Formannskap

FSK- 011/18 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. I medhald av plan- og bygningslova § 11-1 vedtek formannskapet som fast utval for plansaker, oppstart med å utarbeide kommunedelplan: Trafikksikringsplan 2018-2025 Ulvik herad med skiltplan.
2. Formannskapet godkjenner totalkostnad på utarbeiding av planen med inntil kr 300 000. Arbeidet finansierast over disposisjonsfondet.
3. Administrasjonen får fullmakt til å leige inn Asplan Viak AS v/ Christian Frønsdal til å utføre planarbeid for trafikksikringsplan med skiltplan, jfr tilbud av 02.03.2018.
4. Arbeidet skal samordnast gjennom ei prosjektgruppe slik:
 - Formannskapet v/ ordførar
 - Formannskapet v/ varaordførar
 - Representant for born og unge
 - Seniorrådet
 - Kommunalt råd for funksjonshemma
 - Statens vegvesen
 - Plan- og byggesak v/ Torstein Ljone
 - Teknisk drift v/ Bjørn Bergo
 - Asplan Viak AS v/ Christian Frønsdal
 - Prosjektleiar Milos Cemovic
5. Formannskapet som fast utval for plansaker vert orientert om prosess og framdrift undervegs i arbeidet.



ULVIK HERAD
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Direkte innval:	Dato:
	18/40-9/K2 - Q80/MIL	56 52 70 45	23.03.2018

Søknad på tilskot til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan - Ulvik herad

Viser til 2014/13696 *Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar.*

Formannskapet i Ulvik herad gjorde på møte den 14. mars vedtak om å starte opp arbeidet med ny trafikksikringsplan m/ skiltplan for Ulvik herad.

Jmf. tilboda på utarbeiding av trafikksikringsplan er konsulenthonorar estimert til kr 280.000,-. I tillegg vert administrative kostnader vurdert til kr. 20.000,-, som gir totalkostnad på kr. 300.000,-.

Jmf. pkt. 2 i vedtaket vart det avsett kr. 300.000,- for dekking av kostnader.

Ulvik herad vi med dette søkja om tilskot frå Hordaland fylkeskommune til utarbeiding av planen. Tilskotet vil bli brukt til konsulenttenester.

Med helsing

Milos Cemovic
Ingeniør



E-post
postmottak@ulvik.kommune.no

Telefon
56527000

Bankkontonr
3450 19 70001

Organisasjonsnr
971 159 928



Fra: Langeland, Anton (anton.langeland@odda.kommune.no)

Sendt: 21.03.2018 11:44:18

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: 2014/13696 - Søknad om midler til trafikksikringstiltak og plan

Vedlegg:

Trafikksikringsplan:

Odda kommune manglar i dag trafikksikringsplan, me har til dels store utfordringar med trafikkavvikling og parkering. Skiltplanverket er heller ikkje oppdatert, og handheving og oppfølging av ulovleg parkering og kjøyring er difor vanskeleg. Odda kommune arbeider no med etablering av parkeringsselskap, selskapet vil ha ansvar for handtering av parkering i Odda og omegn og skal etablere og implementere skiltplan for Odda sentrum når denne er ferdig utarbeida av Odda kommune. Skiltplanen vert eit viktig verktøy for å realisere ein god trafikksikringsplan, Odda kommune søker derfor kr 150 000 i støtte til å fullføre denne.

Kostnadsestimat for prosjektet:

Konsulentkostnader 150 000,-

Egeninnsats 100 000,-

Implementering av plan 250 000,-

Odda kommune har til no nytta omlag 140 000 kr til konsulentutgifter i dette arbeidet.

Mvh

Anton Langeland

Kommunalsjef teknisk sektor

Odda kommune

Epost: Anton.langeland@odda.kommune.no

Tlf sentralbord: 53 65 40 00

Tlf direkte: 97558602

Fra: Bjørn-Egil Olsen (Bjorn-Egil.Olsen@askoy.kommune.no)

Sendt: 27.03.2018 09:27:32

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: Tilskot til utarbeiding av kommunale TS planer 2014/13696

Vedlegg:

Askøy kommune har en gjeldende vedtatt Trafikksikkerhets plan som går ut i løpet av 2018

Denne planen skal nå rulleres og ny plan skal behandles i kommunestyret før jul.

For å få en så god plan som mulig er vi avhengig av innspill fra brukerne av vegnettet på Askøy samt fra næringslivet og andre offentlige etater.

Det er avholdt møte mellom Askøy kommune, kommunalt foreldreutvalg (KFU) og alle FAU ene. Det som nå mangler er å få inn innspill fra næringslivet, de som kjører kollektiv trafikk, utrykningsenhetene, handikapforbundet mm.

Vi er nå helt i startfasen for arbeidet med ny plan, men vil gi dere en liten oppsummering av prosjektet:

- Vi har samlet inn alle innspillene fra hver skolekrets.
- Det er etablert ett interaktivt kart hvor alle kan gå inn og markere i kartet sammen med tekst og bilder mm.
- Kartet blir publisert i forbindelse/samråd med presse i uke 14
- Det blir sendt ut brev til aktører som vi ikke når ved bruk av media i uke 14
- Frist for å levere tilbake innspill er 31.05
- Vi skal avsette en prosjektleder som skal ha hovedansvaret for møteinnkallinger mm.

Askøy kommune søker om å få dekket alle utgifter til konsulenthjelp for å få systematisert innspillene og ikke minst være behjelpelig med å drive frem prosjektet slik at vi kan få denne frem til en politisk behandling i kommunestyret i løpet av året.

Vi søker herved om tilskudd pålydende kr 175 000.-

Med vennlig hilsen


Bjørn-Egil Olsen

Samferdsels sjef

Tlf 56158168 – 97 05 17 55

Askøy Kommune

Klampavikvegen 1,5300 Kleppestø



Skyss Adminstrasjon
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref:
2018/3130-1

Saksbehandler/Direkte Telefon:
Thorbjørn Pedersen/56 15 80 92

Deres ref:

Dato:
03.04.2018

Trafikksikringsplan 2018 - 2022 - Uttale

Vi har satt i gang arbeid med revidering av trafikksikringsplanen. Planen skal inneholde organisatoriske, forebyggende, holdningsskapende og fysiske tiltak.

Planen skal blant annet synliggjøre tiltak som må utbedres på kommunal eller fylkesveg i kommunen. I forbindelse med dette arbeidet trenger vi innspill på punkt eller strekninger som er trafikkfarlige.

Askøy kommune har opprettet en egen link til trafikksikringsplanen på vår hjemmeside www.askoy.kommune.no. Der finner du linken under Kunngjøringer – Ønsker innspill til trafikksikringsplanen fra deg. Der kan alle melde inn punkt eller strekninger som en mener er farlige.

Er det noe dere mener vi må være spesielt oppmerksom på i arbeidet med trafikksikringsplanen ber vi dere om å sende innspill til: Askøy kommune, Klampavikvegen 1, 5300 KLEPPESTØ. Merk med Trafikksikringsplanen.

Frist for innsending innspill er 31. mai 2018.

Nærmere opplysninger om planarbeidet kan fås ved henvendelse til Bjørn-Egil Olsen – tlf 9705 1755 eller beol@askoy.kommune.no

Med hilsen

Bjørn-Egil Olsen
leder samferdsel

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift

Postadresse: Klampavikvegen 1, 5300 Kleppestø	Besøksadresse: Bakarvågen 2, 5305 Florvåg	Telefon: 56 15 80 00	Bank: 6515.06.05509
E-post: postmottak@askoy.kommune.no	www.askoy.kommune.no	Telefaks: 56 15 83 90	Org.nr: 964 338 442



Arkivnr: 2015/5869-27

Saksbehandlar: Eva Vinjevoll

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	28/18	05.06.2018

Søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - 1. mai 2018

Samandrag

Det er sett av 600.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement i 2018. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Etter tildelinga i januar vart det delt ut 320 000 kr til ulike tiltak, det betyr at det gjenstår 280 000 kr som skal fordelast på denne og neste tildeling med frist 1.november. Erfaring frå tidligare år har vist at det kjem relativt få søknader i november.

Det kom inn ni søknadar i denne runda, søkjarane søkte om mellom 15 000 kr og 75 000 kr, totalt blei det søkt om 292 500 kr. I fylkesrådmannen si innstilling er det lagt opp til ei tildeling på 249 000 kr til 9 arrangement.

Økonomi: Tilskotsmidlane er henta frå budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet.

Klima: Enkelte arrangement oppmodar til meir sykkel og gange, noko som er positivt for klima

Folkehelse: Enkelte arrangement oppmodar til meir sykkel og gange, noko som er positivt for folkehelsa

Regional planstrategi: Satsing på trafikkkunnskap og tilrettelegging for fysisk aktivitet frå ung alder er viktig for å styrka konkurransekrafta til gange og sykling som klimavenlege transportformer.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fordeler tilskotsordning av 1. mai 2018 til lokale trafikksikringsarrangement slik;

	Søkjær	Søknadssum	Tilskot
a	Kvinnherad vidaregåande skule	24 500 kr	20 000 kr
b	Deltaolav Undeland	18 000 kr	18 000 kr
c	Bømlo kommune	30 000 kr	30 000 kr
d	Kvam herad	30 000 kr	24 000 kr
e	Ettertankens dag i Hordaland	40 000 kr	32 000 kr
f	Hillestveit skule, Bømlo kommune	15 000 kr	5 000 kr
g	Os kommune	75 000 kr	60 000 kr
h	Rubbestadneset skule	30 000 kr	30 000 kr
i	Grasdal skule, Meland kommune	30 000 kr	30 000 kr

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.05.2018

Bakgrunn

Det er sett av 600.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement i 2018. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Etter tildelinga i januar vart det delt ut 320 000 kr til ulike tiltak, det betyr at det gjenstår 280 000 kr som skal fordelast på denne og neste tildeling med frist 1.november. Erfaring frå tidligare år har vist at det kjem relativt få søknader i november.

Søknadsfristane for tilskotsordninga lokale trafikksikringsarrangement er i 2018 er sett til 1. januar, 1. mai og 1. november. Innan fristen 1. mai kom det inn 9 søknader, med ein søknadssum på totalt 292 500 kr.

Det har over mange år vore dei same arrangementa som har søkt om tilskot, - noko som er positiv med tanke på lokalt initiativ og interesse, men samstundes er det viktig å ha krav til innhaldet i programmet, og sikre fokus på trafikksikringsdelen. I 2018 er det og kome nokre nye søknader, og det kan difor synast som om ordninga er meir kjend.

Ein oversikt over tildelte tilskotsmidlar gjennom denne ordninga viser følgjande:

2011: 11 søknader
 2012: 16 søknader
 2013: 15 søknader
 2014: 18 søknader
 2015: 18 søknader
 2016: 20 søknader
 2017: 27 søknader

Til no i 2018 er det komne inn 20 søknader, det vil sei at vi ligg noko bak toppåret 2017 i tal på søknader, men det framleis mogleg å søke midlar i 2018.

Kriteria for tilskotsordninga

- Søknadsfrist tre gongar i året. Det må søkjast på eige skjema.
- Utbetalinga skjer i etterkant av at rapporteringsskjema inkl. rekneskap er motteke.
- Arrangement med ei kostnadsrøme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25%.
- Personalkostnader/eigeninnsats kan vere ein del av eigenandelen. Eigeninnsatsen (timar) må synleggjerast.
- Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreiningar/organisasjonar.
- Tilskotmidlane skal ikkje dekke administrative kostnader og andre driftsutgifter.

Oversikt over søknadane av 1. mai 2018

	Namn på tiltak	Søknadssum	Totalkostnad	Søklar	Tilskot	Krav om eigenandel
a	Trafikktryggleiksdag	24 500	24 500	Kvinnherad vidaregåande skule	20 000 kr	
b	Barneteater om trafikktryggleik	18 000	45 267	Deltaolav Undeland	18 000 kr	X
c	Alle barn sykler	30 000	30 000	Bømlo kommune, Svortland skule	30 000 kr	
d	Trafikktryggleiksdag	30 000	70 000	Kvam Herad	24 000 kr	X
e	Trafikktryggleiksdag	40 000	151 250	Ettertankens dag i Hordaland	32 000 kr	X
f	Forprosjekt til etablering av Hjertesone	15 000	15 000	Bømlo kommune, Hillestveit skule	5 000 kr	
g	Trafikktryggleiksdag	75 000	100 000	Os kommune	60 000 kr	X
h	Sykelarrangement	30 000	30 000	FAU ved Rubbestadneset skule	30 000 kr	
i	Alle barn sykler	30 000	30 000	Meland kommune, Grasdal skule	30 000 kr	
j	Totalt	292 500	565 017		249 000 kr	

Om søknadane til lokale trafikksikringsarrangement

Som tabellen over viser så er dei 9 søknadane svært ulike både i fokus, omfang og kostnader. Tilskotet det vert søkt om varierer mellom 15.000 kr og 75.000 kr. Gjennom ei grovfordeling kan ein seie at fire av tiltaka rettar seg mot skuleborn i regi av foreldreutval (FAU)/skule (c, f, h, i), medan fire av tiltaka rettar seg mot elevar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen (a, d, e, g). Derneft er det eitt tiltak som er retta mot barnehagar (b).

Fleire av arrangementa er tverrfaglege, og er i ei særleg grad eit samarbeid mellom blålysetatane; Politi, ambulanse og brann/redning.

a. Kvinnherad vidaregåande skule

Kvinnherad vidaregåande skule søker om tilskot på 24 500 kr til trafikktryggleiksdag for elevane. Totalkostnaden for arrangementet er 24 500 kr. Dei søker midlar som skal dekke planlegging, servering, materiell og utstyr. Søkjaren fekk 25 000 kr i 2015, 2016 og 2017 for det same arrangementet. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 20 000 kr.

b. Ferist teatergruppe

Ferist teatergruppe søker om 18 000 kr til å halde barneteater om trafikktryggleik for barnehageungar i Sund kommune med. Totalkostnaden er 45 267 kr. I stykket lærer barna om bruk av refleks og gangfelt mm. Midlane skal gå til honorar, reise og diett for skodespelarane. Det er meldt om gode erfaringar og tilbakemeldingar frå Vaksdal kommune som har hatt besøk av teatergruppa tidlgare. Planen er å halde seks framføringar over to dagar. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 18 000 kr.

c. Bømlo kommune, Svortland skule

Svortland skule i Bømlo kommune ønskjer å gjennomføre «Alle barn sykler» på Svortland skule. Alle barn sykler er sykkelopplæring om trafikkkunnskaper, ferdigheiter og sykkelprøve for skulebarn. Dette er den einaste skulen i Bømlo kommune som ikkje har delteke på opplegget tidlgare. Etter gode erfaringar på andre skular søker no Bømlo om 30 000 kr for å gjennomføre opplegget på Svortland skule. Tilskotsmidlane skal gå til å dekke deltakaravgift for tre klasser. Bømlo kommune har fått midlar til gjennomføring av sykkelopplæringa ved ulike kommunale skular i 2016, 2017 og ved januarildelinga i 2018. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

d. Kvam herad

Kvam herad søker om tilskot på 30 000 kr til trafikktryggleiksdag ved dei vidaregåande skulane i kommunen (Kvam vidaregåande og Framnes Kristne vidaregåande). Totalkostnaden for arrangementet er 70 000 kr. Dette er eit tiltak for elevane på fyrste året ved dei vidaregåande skulane. Målet med dagen er å få ungdommane til å reflektera og tenke seg om med omsyn til fart, rus og trafikk. Tilskotsmidlane skal gå til foredragshaldarar, planlegging, utstyr og premiar. Kvam herad fekk støtte i 2012. I tillegg fekk Grannehjelpa (frivillighetssentralen) støtte til eit liknande arrangement i 2015. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 24 000 kr.

e. Etertankens dag i Hordaland

Etertankens dag i Hordaland søker om 40 000 kr i støtte til å arrangere ein trafikktryggleiksdag i Bergen sentrum. Arrangementet er tverrfagleg, politi, ambulansetenesta, brannvesen og Trygg Trafikk deltek gjennom eit sams trafikksikringskurs. Under arrangementet skal dei mellom anna ha demonstrasjon av bilredning og fyrstehjelp, sjekke dødvinklane til ein lastebil og test av promillebriller osv. Søkjaren har fått tilskot til ulike typar arrangement ved fleire anledningar, dette er eit anna type arrangement enn dei minnemarkeringane dei har arrangert tidlgare. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 32 000 kr.

f. Bømlo kommune, Hillestveit skule

Hillestveit skule og FAU ved skulen ønskjer å setje i gang ein pilot for Hjertesone kring skulen. Både foreldre og tilsette har observert skumle situasjonar i området kring skulen og søker om 15 000 kr til forprosjektet. Midlane skal mellom anna gå til foredragshaldar og reisekostnader. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 5 000 kr.

g. Os kommune

Os kommune ønskjer å arrangere ein trafiktryggleiksdag og søker om 75 000 kr til dette. Samla vil dagen koste 100 000 kr. Programmet går over 2 dagar og er tenkt å ha med alle som går i fyrste, femte og tiande klasse, truleg for alle skulane i kommunen. Det skal gjennomførast i samarbeid mellom kommunen, blålysetatar, vidaregåande skule og kjøreskule. Midlane skal gå til leige av lokale, transport av elevane, teknisk utstyr og servering. Det er fyrste gang dei søker om midlar til dette arrangementet. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 60 000 kr.

h. FAU Rubbestadneset skule

FAU på Rubbestadneset skule ønskjer å gjennomføre sykkelopplæring for elevane ved skulen. Dei har søkt om 30 000 kr. Dei ønskjer å lære elevane å sjekke at eigen sykkelen er i orden. Midlane skal nyttast til å legge til rette for og lage ei løype på skulen der elevane får øve seg og teste ferdigheiter, både under og etter arrangementsdagen, samt eksterne aktørar som kan bidra i opplæringa. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

i. Meland kommune, Grasdal skule

Meland kommune søker om 30 000 kr til Alle barn sykklar for elevar på 4. og 5. trinn. Totalkostnaden er 30 000 kr. Dette er eit tiltak for å gi flest mogleg auka mestring og få dei til å nytte sykkel i kvardagen. Barna får opplæring i trygg sykkelbruk og får prøve seg i ei sykkelløype. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen ser det som svært positivt at det har kome inn søknader frå alle delane av fylket, og at det er komne fleire nye søkjarar. Det kan difor synast som om tilskotsordninga har vorte betre kjend.

Grunnlaget for fylkesrådmannen si vurdering av søknadane er at tilskotet som vert gjeve skal vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på arrangementet. Vidare gjev kriteriet om at tilskotet ikkje kan nyttast til administrative kostnader og andre driftsutgifter føringar for tilskotssummen. Med det forstår ein at midlane frå FTU i fyrste omgang skal nyttast til den trafikkfaglege delen, og i mindre grad til det andre delar av arrangementet, slik som for eksempel til mat/drikke og marknadsføring.

Vidare vurderer fylkesrådmannen det også slik at det er grunnlag for å vere noko tilbakehalden med at mindre arrangement skal få store midlar til premiering og større innkjøp av materiell. I fylkesrådmannen si vurdering har ein i særleg grad sett same type arrangement under eitt. Eit eksempel på dette er dei ulike trafikksikringsdagane.

Det er fleire av arrangementa som har fått tilskot tidlegare og desse har fått gode tilbakemeldingar. Det er vanskelegare å seie noko om kvaliteten på dei nye tiltaka, men fylkesrådmannen ser det som positivt at midlane går til arrangement som er mynta på ulike grupper i samfunnet.

Fylkesrådmannen har i si handsaming av søknadane av 1. mai 2018 vurdert kvar søknad for seg, men har sett tilsvarande arrangement i samanheng.

Fylkesrådmannen rår til at 9 søkjarar vert tildelt tilskot, med ein total tilskotsum på 249 000 kr.